



Og så er skuret på plass!

**Buss-skuret - eller venteskuret som vel er det rette namnet - er som lova kome på plass tidlegare i veka i busslomma på Korsnes. E. Opedal og Sønner har gjort jobben, men det er Vegvesenet som har skaffa og finansiert skuret. Gleda over satsinga er stor på Korsnes.**

Avdelingsingeniør Ingbjørn Steen på Voss har mykje av æra for prosjektet og han opplysar til uskedalen.no at skuret var i Odda og eigentleg skulle monterast ein annan stad. Men så var ikkje dette prosjektet kome langt nok og Steen fant dermed å kunne senda skuret det til Uskedalen.

Der visste han at vi har venta på eit venteskur i Korsnes 'aldri så lengje', som han uttrykker det. No er det 2 år sidan Steen hvar på synfaring her og vart kjent med det store behovet utan at han kunne lova noko konkret. Han viste til den strenge prioriteringa.

Det oppstår ofte farlege trafikksituasjonar på staden fordi særleg skule-elevar spring over vegen når bussen kjem.

Skuret som Korsnes no har fått er elegant og skiljer seg frå to andre og meir massive skur som i mange år har stått ved hovudvegen gjennom bygda. Dette skuret har glass på tre sider og det er ein stor fordel for utsikten. Ingbjørn Steen antar at kostnaden ligg på mellom 80.000 og 100.000 kroner.

Av Ola Matti Mathisen